



# Alkoholpolitisk handlingsplan i Meland kommune

---

*Vedlegg til Helse-, sosial og omsorgsplan 2015-2018*

<b>Innleiing</b>	<b>2</b>
<b>1.Mål</b>	<b>3</b>
1.1 Alkohollova § 1-6: Bevillingsperiode.	3
<b>2. Sal og skjenking</b>	<b>3</b>
2.1 Alkohollova § 1-4: Definisjon av sal og skjenking	3
2.2 Alkohollova § 1-7 a: Kommunens vurdering ved handsaming av søknad om sal- eller skjenkeløyve	4
2.3 Retningsliner for tildeling av skjenkeløyve.	4
2.4 Alkohollova § 3-7: Salstid.	5
2.5 Alkohollova § 4-4: Tidsinnskrenkning for skjenking.	5
2.6 Alkohollova § 4-5: Ambulerande skjenkeløyve.	6
2.7 Melding om vedtak	6
<b>3. Kontroll og inndraging av bevilling</b>	<b>7</b>
3.1 Alkohollova § 1-9: Kontroll med sal og skjenking av alkohol	7
3.2 Kontroll med alkoholservering utan løyve.	7
3.3 Alkohollova § 1-8: Inndraging av løyve	8
3.4 Alkoholforskrift kap 8: Internkontroll	8
<b>4. Alkohollova § 7-1: Sals- og skjenkeavgift</b>	<b>10</b>
<b>5. Handsamingsform § 1-7.</b>	<b>11</b>
5.1 Mottak av søknad om generell løyve.	11
5.2 Vurdering av søknaden	11
5.3 Vedtak	11
<b>6. Kommunal representasjon</b>	<b>11</b>

## **Innleiing**

Den kommunale alkoholpolitikken vert forvalta innan dei rammene som er gjeve i Lov av 2. juni 1989 nr. 27 Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. ([Alkohollov](#) og [Forskrift alkohollover](#)). Alkohollover har som mål å redusere dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan føre til, og bidra til å begrense tilgjengelighet og forbruk av alkoholholdig drikk.

Innan desse rammene har kommunen eit betydeleg ansvar, og har fridom til å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk. Alkohollover gjev slik lokalpolitisk handlingsrom til å utøve direkte inflytelse på bruk av eit lovleg rusmiddel i lokalsamfunnet.

Alkohollover sitt utgangspunkt er at all bruk av alkohol kan medføre skade – både samfunnsmessig og individuelt, der grunnlaget er tufta på at auka totalforbruk av alkohol gjev auka skadeverknader.

Alkohollover § 1-7 pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Planen skal være retningsgjevande både for administrasjon ved førebuing av saker til politisk handsaming, og ved avgjerd om sals- og skjenkebevilling.

I dette heftet finn ein retningsliner, reaksjonsformer ved brot på alkohollover samt kommune sitt reglement om opningstid for sals- og skjenkeløyve. Ein legg til grunn Alkohollover samt tilhøyrande forskrifter.

## 1.Mål

Folkehelse er samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer innbyggjarane i Meland si helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. .

For Meland kommune er det ei målsetting å redusere dei skadeverkender alkoholforbruk kan påføre den einskilde, deira familiar og samfunnet jamfør overordna målsettingar i Kommuneplan og Temaplan helse, sosial og omsorg.

Slik skal og den Alkoholpolitiske handlingsplan bidra til å byggje opp om visjonen «Eit samfunn for alle» der sals- og skjenkeløyve vert praktisert i samsvar med gjeldande lovverk og kommunale vedtak.

Alkoholova §1-1 Lovens formål: «Regulering av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som ledd i dette sikter loven på å begrense forbruk av alkoholholdige drikkevarer.»

### 1.1 Alkoholova § 1-6: Bevillingsperiode.

Meland kommune skal primært nytte bevillingsperiode på fire år for sal og skjenking.

#### Framlegg til vedtak:

- Kommunestyret skal handsama generelt løyve til sal og skjenking som omfatter alkoholholdig drikk for gruppe 1, 2 og 3.
- Formannskapet er delegert mynde til å handsame generelt løyve til sal og skjenking av alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2.
- Rådmannen er delegert mynde til å gi løyve til skjenking av alkoholholdig drikk ved einskildshøve som varer inntil 3 dager.

## 2. Sal og skjenking

### 2.1 Alkoholova § 1-4: Definisjon av sal og skjenking

"Med salg forstås overdragelse av alkoholholdig drikk til forbruker mot vederlag for drikking utenfor salgsstedet.

Med skjenking forstås salg for drikking på stedet. Som skjenking regnes det også når bevillingshaver vet om at det drikkes i deler av hans hus som han har rådighet over, eller på andre steder i hans besittelse, eller på husets nærmeste tilliggelser...."

§ 1-6: "Kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Kommunal bevilling til sal av annen alkoholholdig drikk enn nevnt i første ledd og til skjenking av alkoholholdig drikk kan gis for perioder inntil 4 år, og med opphør senest 30 juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Slike bevillinger kan dessuten gis for en bestemt del av året, og for en enkelt bestemt anledning.

Statlege skjenkebevillinger gis inntil vidare. Statlege tilvirkningsbevillinger gis inntil vidare, men kan dersom særlege forhold tilsier det gis for en bestemt periode.

Dersom spørsmål om fornyelse av gitt bevilling ikke er endeleg avgjort innan bevillingsperiodens utløp, er bevillingen fortsatt gyldig inntil utgangen av den måned hvor endelig vedtak om ny bevilling er truffet, likevel ikke utover 3 måneder fra begynnelsen av den nye bevillingsperioden."

## 2.2 Alkoholova § 1-7 a: Kommunens vurdering ved handsaming av søknad om sal- eller skjenkeløyve

Alkoholova inneheld få særreglar om sakshandsaming. I utgangspunktet gjeld Fovaltningslova sine reglar både med omsyn til utgreiingsplikt jamfør § 17 samt grunnlag for avgjerd jamfør § 24. Forvaltningsloven § 24 om at avgjerd i sals- og skjenkesaker må grunnjevast er viktig i samband med at vedtak om løyve kan påklagast, også i samband med eventuell domstolsprøving. Ulik handsaming av sals- og skjenkeløyve skal vere sakleg grunnjeven. Utanforliggjande omsyn som til dømes arbeidskonfliktar, ryktevise opplysningar om innehavaren o.l er ikkje saklege grunngevingar.

Alkoholova opnar for variasjonar mellom kommunane. Det er opp til kommunestyret å ta stilling til avgrensingar i tal sals- eller skjenkeløyve, både utfrå alkoholpolitiske og andre hensyn. Men sjølv utan fastsett tal sals- eller skjenkeløyve har kommunestyret likevel rett til å differensiera mellom ulike søknader.

Avgrensingar i tal salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 vil kunne gripe inn i konkurranseilhøve butikkar i mellom, og mellom senterbutikk og meir utkantbutikk. Dette gjeld ikkje berre tap av forteneeste av omsetnaden for alkoholholdig drikk i gruppe 1, men også av anna handel som er ei følgje av at einskilde butikkar får løyve til å selja og andre ikkje.

Salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 kan gjevast til butikkar der alkoholhaldig drikk i gruppe 1 høver inn i varespekteret. Dette er særleg daglegvarebutikkar og ferskvare/delikatessebutikkar. Det kan ikkje gjevast løyve til bensinstasjonar og kiosker. jfr. forskrift av 11. desember 1997 nr 1292 kap. 3, sist endra 01.01.06.

### Framlegg til vedtak:

- Meland kommune har ikkje avgrensingar i tal sals- og skjenkeløyve, men tildelingane kan avgrensast i høve type sals- og skjenkestad.
- Framtidig vurdering av salsløyve for AS Vinmonopolet i Meland kommune vert eiga sak i kommunestyret.

## 2.3 Retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve.

Retningslinjene skal vera rettleiande, og det skal nyttast skjøn ved tildeling av skjenkeløyve.

### Alkoholfri sone - det vert ikkje gjeve generelt løyve til:

1. Serveringsstader som er spesielt retta mot ungdom under 18 år og/eller familiar med mindreårige, under dette vanlege kafear.
2. Serveringsstader i skule- eller undervisningsbygg
3. Serveringsstader plassert i lokale som er tiltenkt idretts- eller mosjonsaktivitet, eller særskildt førebyggjande tiltak for ungdom.
4. Uteservering der slik drift vil vere til vesentleg sjenanse for nærmiljøet. "Vesentleg sjenanse " er t.d støy og bråk som uroar nærmiljøet.
5. Frittstående barer, diskotek og puber utan noko form for kjøkkendrift.
6. Kiosk og gatekjøkken

### Det kan gjevast generelt løyve, eller løyve til slutta lag, etter følgjande retningslinjer:

1. Serveringsstader som krev bestilling og servering ved borda kan få generelt løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, eventuelt også gruppe 3.
2. Serveringsstaden må i tillegg ha kjøkken som held open til minimum ein time før ordinær stengetid, fast meny eller a la carte av eit visst omfang. Etter særskilt vurdering kan dette kravet fråvikast.

*§ 1-7 a: "Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blandt annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til å ha bevilling."*

*En bevilling etter § 4-2 tredje ledd kan bare utvides hvis tilvirkningen skal skje ved skjenkestedet, og tilvirkningen og skjenkingen vil utgjøre en del av stedets helhetlige karakter og serveringstilbud. Kommunen kan beslutte at det ikke skal gis mer enn et bestemt antall bevillinger til salg eller skjenking."*

3. Serveringsstader (som ikkje er nemnd i pkt. 1), som er plassert i type forretningskompleks, kan få løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i slutta selskap. Har serveringsstaden eigen inngang frå gata kan generelt løyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 vurderast.
4. Selskapslokaler kan få løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 til slutta lag.
5. Utandørs serveringsareal kan få innvilga skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.

#### 2.4 Alkohollova § 3-7: Salstid.

Kommunestyret kan fritt utvide eller innskrenke salstid i høve til retningsline jamfør 1. ledd ovanfor samt med avgrensing som følgjer av 2. ledd. Det kan slik fastsettast ulike salstider for forskjellige dagar og for ulike deler av året. Slik kan salstider bli ulik mellom dei einsikde salssteder mellom anna grunna driftsform og beliggenhet.

Omgjering av salstida i løyveperioden kan skje dersom vilkåra i forvaltningslovas § 35 er til stades. Ny salstid vert gjort gjeldande 3 månader etter at vedtaket er gjort dersom det er til ugunst for den vedtaket rettar seg mot. Det skal vere høve for løyveharane å kome med uttaler som skal leggjast fram for kommunestyret før endeleg avgjerd vert gjort.

#### Framlegg til vedtak:

- Meland kommune har salstid for alkoholholdig drikk i gruppe 1:

- kl. 09.00 – 20.00 på kvardagar
- kl. 09.00 – 18.00 før søn- og helgedagar
- Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstid kl 09.00 - kl 15.00
- Dagen før Kristihimmelfartsdag er salstid kl. 09.00 til kl. 20.00
- Løyveharar er ansvarleg for at drikk med alkoholinnhald over 2,50 volumprosent er tildekket/ikkje lenger er tilgjengeleg i butikken ved salstidas slutt. Betaling kan imidlertid skje etter dette tidspunktet dersom kunden har forsynt seg av drikken før salstidas slutt.
- Sal og utlevering av drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai eller på stemmedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke ved lov.

*§ 3-7 - "Salg og utlevering av alkoholholdig drikk med høyst 4,7 volumprosent alkohol kan skje frå kl. 08.00 - kl. 18.00. På dagar før søn- og helligdager skal salget opphøre kl. 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi Himmelfartsdag.*

*Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte salssted innskrenke eller utvide tiden for salg i forhold til det som følger av første ledd. Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd er likevel forbudt etter kl. 20.00 på hverdager, og etter kl 18.00 på dagar før søn- og helligdager, unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. Det kan bestemmes at salg ikke skal finne sted til bestemte tider på dagen eller på bestemte ukedager.*

*Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd skal ikke skje på søn- og helligdager, 1. og 17. mai, og på stemmedagen for stortingsvalg, fylkestingsvalg, kommunestyrevalg og folkeavstemming vedtatt ved lov."*

#### 2.5 Alkohollova § 4-4: Tidsinnskrenkning for skjenking.

*"Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 kan skje fra kl. 13.00 til 24.00. Skjenking av annen alkoholholdig drikk kan skje fra kl. 08.00 til 01.00.*

*Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested innskrenke eller utvide tiden for skjenking i forhold til det som følger av første ledd.*

*Fastsatt skjenketid kan utvides for en enkelt anledning.*

*Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 er forbudt mellom kl. 03.00 og 13.00. Skjenking av annen alkoholholdig drikk er forbudt mellom kl. 03.00 og kl. 06.00.*

*Tiden for skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 kan ikke fastsettes utover den tid det kan skjenkes annen alkoholholdig drikk. Konsum av utskjenket alkoholholdig drikk må opphøre senest 30 minutter etter skjenketidens utløp. På overnattingssteder kan det skjenkes alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 til overnattingsgjester uten hensyn til begrensingene i denne paragraf."*

### **Framlegg til vedtak:**

- Meland kommune har skjenketid jamfør alkohollova.
- Rådmann vert delegert mynde til å utvide skjenketida for ambulerande løyve og løyve ved einskildhøve.

### **2.6 Alkohollova § 4-5: Ambulerande skjenkeløyve.**

Kommunestyret må fastsette eit bestemt tal ambulerande skjenkeløyve, om slike vert gjort tilgjengeleg. Det kan ytast ambulerande skjenkeløyve for drikk i gruppe 3 til skjenkestader som har ordinært skjenkeløyve kun for gruppe 1 og 2.

#### Definisjon av slutta lag:

*"Med sluttet selskap menes at det allerede, og før skjenkingen begynner, er dannet en sluttet krets av bestemte personer som samles for et bestemt formål i et bestemt lokale på skjenkestedet, for eksempel bryllup, konfirmasjon, jubileum osv.*

*Medlemmene av selskapet må danne en sluttet krets av personer der utenforstående ikke kan komme inn uten at visse former følges. Deltakerne må ha en eller anne tilknytting til den eller dem som inviterer til selskapet og til hverandre. Det er ikke tilstrekkelig at man før skjenkingen begynner, bare skriver seg på en liste eller kjøper billetter. Vanligvis må initiativet komme utenifra, ikke fra skjenkestedet. Det hjelper ikke at antallet gjester er begrenset, eller at arrangementet i innbydelsen eller i et avertisement er betegnet som sluttet selskap".*

*Forskrift*

### **Framlegg til vedtak:**

- Meland kommune har tre - 3 ambulerande løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 til slutta lag/selskap til bruk på stader utan slikt løyve.
- Meland kommune har tre - 3 einskild løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 til bruk på stader utan slikt løyve.
- Kommunestyret delegerer tildeling av ambulerande skjenkeløyve og einskild høve til rådmann.

### **2.7 Melding om vedtak**

Lensmannen, kontrollørane og skjenkestaden skal ha kopi av løyve til ambulerande skjenking og einskild løyver.

*§ 4-5: "Kommunestyret kan gi en eller flere bevillinger som ikke blir knyttet til bestemt person eller skjenkested, og kan tillate at en eller flere av disse bevillinger blir utøvd på et sted eller steder som godkjennes for en enkelt anledning og for skjenking til deltagere i sluttet selskap.*

*En ambulerende bevilling kan ikke utvides til å omfatte tilvirkning eller innførsel av alkoholholdig drikk for skjenking i egen virksomhet."*

### 3. Kontroll og inndraging av bevilling

#### 3.1 Alkohollova § 1-9: Kontroll med sal og skjenking av alkohol

*"Kontroll med utøvelsen av kommunal bevilling til skjenking av alkoholholdig drikk, salg av alkoholholdig drikk gruppe 1 og statlig bevilling etter § 5-3 første ledd tilligger kommunen.*

*Kontroll med utøvelsen av statlig bevilling etter §§ 5-2 og 5-3 annet ledd tilligger departementet.*

*Bevillingsmyndigheten kan når som helst kreve tilgang til salgs- og skjenkestedets lokaler og regnskaper, herunder kreve å få nødvendige opplysninger om regnskap og drift fra bevillingshaver. Bevillingshaver plikter uten erstatning eller vederlag å utlevere nødvendige vareprøver til bevillingsmyndigheten."*

Overordna kontrollansvaret for sal og skjenking av alkohol er lagt til kommunen ved Utval for levekår (eller delegert til rådmann?). Praktisk kontroll vert gjennomført via egne kontrollørar i regionalt samarbeid jamfør samarbeidsavtale (Lindås kommune har sekretæriefunksjon).

Kontrollfunksjon er lagt til Utval for levekår, og har følgjande oppgåver:

1. Gje naudsynt råd og rettleiing til løyvehavarane slik at omsetnaden av alkohol kan skje i samsvar med regelverket, og på ein slik måte at alkoholpolitiske og sosiale omsyn vert ivareteke.
2. Ha ansvaret for utøving av kontroll med kommunale skjenke- og salsløyve.
3. Gje uttale ved søknader om generelt løyve gruppe 1, 2 og 3
4. Gje uttale i samband med inndraging av løyve
5. Ha oversikt over omsetnaden i kommunen.

Kontrollørane sine oppgåver:

1. Kontroll av sals- og skjenkestader skal utførast med heimel i gjeldande alkohollov og forskrifter.
2. Kontrollere kvar kommunale sals- og skjenkestad/ -er minst 3 gonger i året.
3. Gjennomføre stikkkontrollar av ambulerande skjenkeløyve og løyve for einskildshøve.

Kontrollørane skal særleg kontrollere:

1. Sals- og skjenketid
2. Aldersgrense – at det ikkje vert seld eller skjenka til mindreårige
3. Skjenkestaden si plikt til å ha tilbod om alkoholsvak og alkoholfri drikk
4. At det ikkje vert seld/skjenka til åpenbart rusa personar.
5. Ulovleg reklame .

Kontrollar kan gå føre seg opne eller anonyme. Etter utført kontroll skal kontrollør alltid presentera seg for ansvarshavande og gje munnleg tilbakemelding om inntrykk av staden.

Skriftlege rapportar frå kontrollen skal sendast til sals- eller skjenkestaden med adgang for bevillingshavaren til å uttale seg.

#### 3.2 Kontroll med alkoholservering utan løyve.

Kontroll med ulovleg skjenking der løyve manglar, er ikkje ei oppgåve for kontrollørane, men ei oppgåve for politiet.



### 3.3 Alkoholova § 1-8: Inndraging av løyve

Dersom det ved kontroll, eller gjennom politirapport, er rapportert alvorlege brot på alkoholova, har kommunen høve til å inndra kommunalt sals- eller skjenkeløyve for kortare eller lengre tidsrom. Løyvehavaren skal ha høve til å uttale seg før saka vert handsama.

Endra syn på alkoholpolitikk i kommunen gjev ikkje grunnlag for inndraging i gjeldande løyveperiode. Her må ein vente til perioden er avslutta og nye føringar har vore til høyring hjå dei partar som vert råka.

#### Kommunale retningsliner ved brot på alkoholova

Ved brot på alkoholova gjeld følgjande retningsliner utfrå skjønnsvurdering i Meland kommune:

1. Ved 1. gongs brot på alkoholova skal det reagerast med skriftleg åtvaring dersom brotet ikkje er særskild alvorleg.
2. Ved 2. gongs brot, etter at skriftleg åtvaring er gjeve, vert løyve inndrege for eit tidsrom frå 1 dag til 3 månader. Ved ytterlegare brot fell løyvet bort.
3. Ved særskild grovt 1. gongs brot på alkoholova skal det reagerast med inndraging av skjenke- eller salsløyve for kortare eller lengre tidsrom. Brot på føresegnene om alder og sal/skjenking til tydeleg rusa personar vert normalt sett på som grovt.
4. Rådmannen får fullmakt til å gje åtvaring i høve til punkt 1.
5. Oversyn over gjevne åtvaringar vert meldt utval med kontrollfunksjon snarast.
6. Dersom oppgåver over omsetnad ikkje er levert innan fristen, eller sals- eller skjenkeavgifta ikkje er betalt i tide og etter puring, har rådmannen fullmakt til å inndra løyvet til oppgåva er levert eller avgifta er betalt.

#### Løyvet kan inndragast dersom:

1. Det viser seg at søkjaren har gjeve urette eller ufullstendige opplysningar i høve til krava for å få løyve. Momenter i vurderinga vil vere kva opplysningar det gjeld og kor store avvik det dreier seg om, og om løyvehavar kan klandrast for dette på søknadstidspunktet.
2. Det viser seg at vandelskravet som lova set i § 1-7 b ikkje er oppfylt, samt i vurderinga av vandelen i løyveperioden.
3. Om det vert dokumentert/påvist omsetnad av narkotiske stoff på skjenkestaden, sjølv om løyvehavaren ikkje har kjennskap til omsetninga, **skal** løyvet inndragast.
4. Løyvet ikkje er nytta på 1 år.

### 3.4 Alkoholforskrift kap 8: Internkontroll

Det ligg føre rettleiar om internkontroll IS-1337 - Internkontroll etter alkoholoven for salgs- og skjenkesteder.

Bevillingshavar har plikt til å systematisk kontrollere og dokumentere at lov og forskrift vert følgd. Dette inneber at sals- og skjenkestadene må setje seg inn i alkoholova sine reglar, og slik vil risiko for brot på alkoholova verte redusert.

Unntak frå internkontroll er ambulerande skjenkeløyve. Bakgrunnen for unntaket er mellom anna at ambulerande skjenkeløyve alltid vert gjeve til slutta lag/selskap. Bevilling for enkelthøve omfattast av

*§ 1-8: "Kommunestyret kan i bevillingsperioden inndra en bevilling for resten av bevillingsperioden, eller for en kortere tid dersom vilkårene i § 1-7b ikke lenger er oppfylt, eller dersom bevillingshaver ikke oppfylder sine forpliktelser etter denne loven eller bestemmelser gitt i medhold av denne. Det samme gjelder ved overtredelse av bestemmelser gitt i eller i medhold av annen lovgivning når bestemmelsene har sammenheng med denne lovs formål.»*

*Ved vurdering av om bevilling bør inndras, og for hvor lenge, kan det blant annet legges vekt på type overtredelse, overtredelsens grovhet, om bevillingshaveren kan klandres for overtredelsen og hva som er gjort for å rette opp forholdet. Det kan også legges vekt på tidlegere praktisering av bevillingen.*

*En bevilling kan også inndras dersom det skjer gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, eller dersom det ved skjenkestedet skjer gjentatt diskriminering av grunner som nevnt i straffeloven §349a.*

*En bevilling kan inndras dersom den ikke er benyttet i løpet av siste året. Departementet gir forskrift om avgrensning og utfylling av inndragingsadgangen etter dette ledd. Statlege skjenkebevillingar kan når som helst inndras av departementet, selv om vilkårene etter første ledd ikke foreligger."*

internkontrollplikten, men her er kommunen gjeve ein heimel til å gjere "unntak frå plikta når det vil virke urimeleg bl.a. av hensyn til stedets størrelse".

Krav til dokument som må vere samla på ein plass:

- Alkohollova
- Alkoholforskriften
- Bevillingsvedtaket
- Eventuelle kommunale retningsliner
- Rundskriv
- Dokumentasjon på at styrar og stedfortreder har tatt kunnskapsprøven
- Dokumentasjon på at tilsette har fått opplæring i alkohollova

Krav til rutinar for å sikre at regelverket vert halde:

- Rutine for opplæring av tilsette
- Rutine for å be om legitimasjon i tvilstilfeller
- Rutine for å hindra at mindreårige får skjenka alkohol av andre gjester
- Rutine for bortvisning av åpenbart påvirka peronar, herunder hjelpeplikten
- Rutine for å hindre at det nytes medbrakt i skjenkelokalet
- Rutine for å sikre at sals-og skjenketider vert overhalde
- Rutine for å informere kommunen om endringar av driften, herunder skifte av styrar og stedfortreder eller eierskifte
- Rutine for innsending av omsetningsoppgåve
- Rutine for innkjøp av alkoholholdig drikk, herunder dokumentasjon av dette
- Rutine for kva ein gjer dersom brot på regelverket oppstår
- Kven har ansvar for internkontrollen
- Avvikskjema

Det er kommunen som skal føre kontroll med sals-og skjenkestadene sin internkontroll. Kommunen delegerer sjølve kontrollfunksjon til kontrollørane.

## 4. Alkohollova § 7-1: Sals- og skjenkeavgift

### Forskrift § 6-1

"Bevillingsgebyr på kommunal salgsbevilling for alkoholholdig drikk i gruppe 1 og kommunal og statleg bevilling for skjenking av alkoholholdig drikk fastsettes for ett kalenderår om gangen for hver enkelt bevilling på grunnlag av forventet omsatt mengde alkoholholdig drikk."

### Forskrift § 6-2

Gebyret skal betales etter følgende satser:

- 0,18 kr per vareliter ved salg av alkohol i gruppe 1

Skjenking av alkoholholdig drikk:

- 0,37 kr pr vareliter for alkoholholdig drikk i gruppe 1
- 1,01 kr pr vareliter for alkoholholdig drikk i gruppe 2
- 3,31 kr pr vareliter for alkoholholdig drikk i gruppe 3

Bevillingsgebyret utgjør pr år minimum kr. 1.380,- for salg og kr. 4.100,- for skjenking. Bevillingsmyndigheten kan likevel i særlige tilfeller bestemme at gebyret skal settes lavere.

For ambulerende bevilling kan bevillingsmyndigheten kreve et gebyr på inntil kr 290,- pr gang."

### Forskrift § 6-3

"Bevillingsmyndigheten fastsetter frist for bevillingshavers innsendelse av oppgave over forventet omsatt mengde alkoholholdig drikk og innbetaling av gebyr.

Ved årets utløp skal bevillingshaver sende inn oppgave over faktisk omsatt mengde alkohol.

Dersom det foreligger et avvik mellom tidlegare oppgitt forventet omsetning og faktisk omsetning, kan bevillingsmyndigheten foreta en etterberegning og et oppgjør."

Det vert kvar år stipulert ei årleg avgift etter forventa omsatt mengde alkohol.

Det vert føreteke etteroppgjer når reelle salsoppgåver ligg føre, dersom avviket overstig kr. 300,- for mykje eller for lite gebyr.

Løyvehavarane skal innan utgangen av februar sende inn oppgåve over omsettinga for året før og oppgåve over forventa omsetning for inneverande år.

Gebyr for skjenking av alkohol ved einskildshøve føl den alminnelege ordninga og vert rekna ut etter omsatt vareliter av dei ulike typane drikk, men skal ikkje vere mindre enn minsteavgifta.

### Framlegg til vedtak:

- Meland kommune vil til ei kvar tid nytte gjeldande minimumssatsar etter forskrift gjeldande sal, skjenking og ambulerende løyve
- Meland kommune skal nytte 25 % av gebyrinntekt til rusførebyggjande føremål. Ungdomsråd skal ta del i vurdering og avgjerd om bruk av midlane. Øvrige gebyr vert nytta til kostnadsdekking kontrollør/administrasjon

§ 7-1: " For bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 1 og til og skjenking av alkoholholdig drikk skal det betales et årlig bevillingsgebyr som beregnes i forhold til forventet omsatt mengde alkoholholdig drikk.

Departementet gir forskrifter om gebyrsatser og innbetaling av gebyret. For bevilling som gjelder skjenking ved en enkelt bestemt anledning og ambulerende bevilling, kan departementet bestemme en særskilt gebyrsats. Bevillingsmyndighet fastsetter gebyret.

Gebyret tilfaller kommunen, med unntak av gebyr for bevilling etter §§ 5-2 og 5-3 annet ledd, som tilfaller staten."

## 5. Handsamingsform § 1-7.

*"Bevilling for salg og skjenking gis av kommunen med mindre det gis statleg bevilling etter kapittel 5. Bevilling for skjenking på tog eller ombord i skip som ikke er omfattet av statlig bevillingsmyndighet etter § 5-2, gis av kommunen som skipet eller toget har som utgangspunkt for sin virksomhet. Når slik virksomhet har flere kommuner som virkeområde, må bevilling gis av samtlige kommuner.*

*Før kommunestyret avgjør søknaden, skal det innhentes uttalelse fra sosialtenesten og politiet. Det kan også innhentes uttalelse fra skatte- og avgiftsmyndighetene. I kommuner som har militær øvingsplass, skal uttalelse innhentes fra vedkommende militære avdeling*

*Kommunen kan pålegge søkeren å dokumentere de opplysninger som er nødvendig for å kunne ta stilling til om kravene i §§ 1-7b og 1-7c er oppfylt, herunder ved behov pålegge søkeren å legge frem finansieringsplan, driftsbudsjett og likviditetsbudsjett for virksomheten. Melding om gitte bevillinger sendes politiet og skatte- og avgiftsmyndighetene."*

### 5.1 Mottak av søknad om generell løyve.

Rådmann er mottakar av søknad og henter inn følgjande fakta:

1. Uttale frå politiet samt skatte- og avgiftsmyndigheit.
2. Dokumentasjon for opplysningar som er naudsynt for å kunne ta stilling til om krava i § 1-7b, krav til løyveharar og andre personar og § 1-7c, styrar og vikar for styrar, er oppfylte.
3. Dokumentasjon på kunnskap om alkohollova og bestemmelsar i medhald av den, for styrar og vikar for styrar jfr. §1-7 c tredje ledd og forskrifta § 12-1.

Dersom slik dokumentasjon ikkje ligg føre må styrar og vikar for styrar avleggje kunnskapsprøve før saka vert vurdert. Det skal betalast gebyr på kr. 300,- før prøven vert teke. Det skal betalast gebyr kr. 300,- for ny prøve dersom prøven ikkje vert bestått. Prøve skal avhaldast innan 2 mnd. frå det tidspunkt det er motteke melding om ynskje å få avleggje prøve, av styrar og vikar for styrar, ved søknad om generelt løyve. Gebyrsum skal følgje forskrift til ei kvar tid.

### 5.2 Vurdering av søknaden

Saka skal førebuast for handsaming etter Alkoholpolitiske handlingsplan og Lov om omsetning av alkoholholdig drikk. I vurderinga skal det leggjast vekt på praksis i liknande saker, og eventuelt andre tilhøve som verkar inn på den konkrete saka.

Når alle faktaopplysningar er innhenta vert saka lagt fram for Utval for levekår for uttale.

Før formannskapet/kommunestyret gjer endeleg vedtak skal søkjaren ha rett til å uttale seg om faktaopplysningane i saka, dersom desse ikkje er kjend for han/ho på førehand. Uttalefristen vert sett til 14. dagar.

### 5.3 Vedtak

Den skjønsmessige vurderinga må fylle krava til sakleg grunngjeving i framlegg til vedtak. Formannskap og/eller kommunestyret har vedtaksmynde med søknadsgrunnlag om alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3.

Melding om vedtak med opplysning om klagerett, jfr. § 1-16 vert sendt søkjaren. Rekning på avgift vert sendt med vedtaket. Politi, skatte- og avgiftsmyndigheit, skal også ha melding av vedtaket.

Ved innvilga søknad skal kontrollfunksjon v/ Utval for levekår og kontrollørane ha melding.

## 6. Kommunal representasjon

Representasjon og servering i kommunal regi skal vera alkoholfrie.